



Kjendis i Skarverennet! (Foto: Odd Steinar Arnesen)

Årets Skarverenn vart nok ein gong ei flott oppleving for rundt 15 spreke langrennsløparar frå Uskedalen.



To lokale heltar etter målgang: Oddmund Soldal og Johannes Hjelmeland. (Foto: Sara Hjelmeland Arnesen)

Vi reiste frå heimane tidleg fredag, i eit heller dårleg vær. Då vi kom til vidda viste det seg at det vart kolonnekjøyring på oss. Sjølv om ventetida vart lang gjorde ikkje det så mykje.

Med song og underhaldning av 4 'nonner' frå Haugesunds-distriktet, vart det ein artig opptakt til Skarverennshelga. Laurdags morgon tok vi 06.15-toget til Finse. Der vart vi møtt av frisk bris og snøbyger, og det var vel nokre av oss som såg litt mørkt på turen vi hadde føre oss. Men det vart lettare og lettare utover dagen, og med vinden i ryggen og sol på himmelen vart det likevel ein flott tur over Skarven.

På 'Jæbertoppen' var det i år spurtpremie til eliteløparane. Her sat vi difor ei stund og kosa oss medan viventa på store norske og utanlandske løparar som Theres Johaug, Marit Bjørgen, Kristin Størmer Steira, Petter Northug, Anders Sødergren, Frode Andresen og Oddmund Soldal. Therese Johaug og Petter Northug stakk av med desse premiane, og det er like fasinerande kvart år å få sjå kor fort det eigentleg går an å gå på ski.

Vi uskedelingane kom oss alle saman trygt og godt over fjellet og til mål. Vi hadde med oss eit par debutantar dette året, og dei hadde som alle oss andre ei fantastisk oppleving og tur. Folkelivet i og rundt løypa, stemninga i målområdet og tilfredstillinga av å klara 38 kilometer på ski er noko som gjev meirsmak. Difor har vi har allerede bestilt hyttene til neste år.

Av Odd Steinar Arnesen